



Maria (til høgre) og Johanne, her i Ådlandsstovo på Sunnhordland Museum, er klare for eit program om umogleg kjærleik både her og i Nistovetunet i Omvikdalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den nye dirigenten for Uskedalen-koret "Røysterett for alle" – Maria Malmsten – er ein kulturarbeidar utan grenser. I desse dagar står ho fram som ein dobbeltperson. Ho er ein framifrå songar, men samstundes er ho leiar for huseigarstyret ved Sunnhordland Museum.

Denne hausten skapar leiaren sjølv meir liv i gamle tun, saman med museumspedagog Johanne Øvstebø Tvedten og musikar Kjell Ravatn. Fredag kveld tolkar dei tre umogleg kjærleik i Nistovestunet i Omvikdalen. Tunet er frå før 1850, men det budde folk der heilt fram til 1950.

Sunnhordland Museum på Stord er som ein paraply. Under den ligg ikkje berre Nistovetunet, men også Gjerdetunet i Mauranger, Jens Tvedt-huset i Omvikdalen, Halsnøy Kloster, Nerheimstunet i Ølen og Sæbutunet i Etne. Maria, hennar drabantar og andre kunstnarar med ymse rollar, fer som skytlar under paraplyen og skapar spanande kunstnarlege uttrykk.

Maria har tidlegare hatt eit liknande opplegg saman med museumspedagog Tutta Laukholm.

Dei kallar det 'Sunnhordlandserien'. Tidlegare i år var det tre program på Stord og ein i Ølen. Kombinasjonane er ofte dristige og ukonvensjonelle: Ein designar og eit kammerdamekor, ein møbeldesignar og ein jazzmusikar, ein ikonmålar og ein folkemusikar.

I Nistovetunet fredag (og i Ådlandsstovo på Stord søndag) er fordelinga stort sett slik at Johanne fortel, Maria syng og Kjell spelar klarinett, blokkfløyte og klassisk gitar.

'Umogleg kjærleik – vanskelig og vakker' er overskrifta på det fem kvarter lange programmet som folk i Kvinnherad og på Stord får ta del i til helga. Trioen vil illustrera etniske skiljeliner, skiljer mellom høg og låg, rik og fattig, underjordiske og 'vanlege folk'. Stoffet er henta frå Sverige (der Maria kjem frå) og Norge og det blir forteljingar, segner, eventyr, dikt, stev og songar. Noko er henta frå Sunnhordlandområdet.

- Mykje tragisk stoff, vil vi tru ?
- Litt tragisk blir det nok, men nokon av dei vi fortel og syng om får kvarandre!
- Det er så lett å arbeide med Johanne, seier Maria.
- Det er så kjekt å høyre røysta di, den er så full av liv, kvitterar Johanne.

Med andre ord utfyller dei kvarandre.

Og seinare i haust kjem nye, spanande og kontrastfylde program i den samme serien – på Halsnøy og Stord, men med andre aktørar.

Av Ola Matti Mathisen